KURSRAPPORT FOR TINGSRETT 2014
v. Ingunn Elise Myklebust

Faglærers vurdering av gjennomføring

- Praktisk gjennomføring
  a) strukturen på kursopplegget

Tingsretten gjeld i hovudsak retten til, eller i, fast eigedom, og kan delast inn i ulike tema som offentleg styring av fast eigedom, eigedomsgrenser, hevd osb. Opplegget er søkt gjennomført slik at tema for kursoppgåver (arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver), vert drøfta og løyst etter at det aktuelle tema er gjennomgått på førelesingar. Dette fungerer fint. Ved obligatorisk prøve blir det gitt både nokre spørsmål som vi har arbeida med frå før, og nokre «nye» som ikkje har blitt gjennomgått i undervisinga enno. Studentane verkar høveleg nøgd med dette. Det blir nokon «lette» spørsmål, men også høve til å strekkje seg.

b) Førelesingar

Førelesingane vart avvikla på same måte som i fjord. Ernst Nordtveit, Sigrid E. Schütz og eg har delt førelesingane mellom oss, og slik at Nordtveit og underteikna har drege brorparten av dette lasset. Vi har førelest i høve til det vi har særleg forskingskompetanse på, og samarbeidet mellom oss har gått veldig fint. Ettersom dei ulike emna i tingsretten er greitt tematisk fråskilt, som nemnt over, er det systematisk greitt å dele opp førelesingane i ulike emne/problemstillingar, som også kan delast mellom ulike førelesarar. Ein del allmenne problemstillingar går att i dei ulike tema, som t.d. korleis endringar i samfunnet og t.d. fokus på miljøet, påverkar karakteren på retten, men det er nettopp eit poeng å gjenta dette. I år fekk dei teorioppgåva om «miljørett» på eksamen, og fekk dermed bruk av kunnskap tileigna på tvers av dei ulike «fagdisiplinane». Dei fleste takla dette fint, men det var også nokon – kanskje litt fleire enn vanleg – som trakk seg på sjølve eksamensdagen. Sjå nedanfor i pkt. g).

c) brukte oppgaver – både i arbeids- og storgrupper

I all hovudsak er opplegget det same som i fjord. Det er både teorioppgåver og praktikumsoppgåver, og oppgåvene dekkjer det meste av dei sentrale problemstillingane i faget. Eg har føreteke mindre justeringar i både arbeidsgruppeoppgåvene og storgruppeoppgåvene, m.a. for å søke å tilpasse oppgåvene til den til ei kvar til gjeldande ordgrense. Eg søker også kvart år å forbetre og oppdatere opplegget, for å få med nye «dagsaktuelle» problemstillingar og det siste frå rettspraksis.

d) skriving og kommentering

Opplegget har stort sett fungert greitt.

Eg har hatt *tre-fire* oppgåver/kommentering inne til vurdering. Dette syner e.m.m. at systemet fungerer og at arbeidsgruppeleiarane er ansvarlege.

e) gjennomføring av gruppesamlingene, obligatorisk kursoppgave og eksamen

Gjennomføringa av samlingane, obligatorisk kursoppgåve og eksamen har gått som planlagt. Samarbeidet med ulike storgruppeleiarar og sensorkorpset fungerer fint.

Ei utfordring som likevel kan nemnast er at vi har fått veldig mange *klager* frå studentar på kommentering av obligatisk prøve. Klagene er for det meste grunngitt med at tilbakemeldingane er for *tynne*, og dei samanliknar seg med studentar som har fått svært *fyldige* tilbakemeldingar på sine oppgåver. (Fleire studentar er t.d. opptekne av å telle ord på tilbakemeldingane.) Etter mi oppfatning er dei fleste sensorar her innanfor det ein kan vente, og studentane må sjå at også einskilde sensorar er flinkare enn andre til å uttrykke seg kort, men presist. Ei innvending, som noko få studentar er inne på, og som er meir alvorleg, er at einskilde sensorar ikkje gir *treffande* nok tilbakemeldingar. Det må understrekast at dette ikkje er noko stort problem, men i oppsummeringsmøtet er det teke opp at ein av omsyn til dette bør gå igjennom sensorlista med tanke på neste år.

Heilskapsinntrykket er at sensorgruppa er veldig seriøse, og ein står kanskje i ein situasjon der ein kan velje ut dei beste.

f) samarbeid med administrasjonen

Samarbeidet med administrasjonen fungerer fint.

g) Strykprosent og frafall, karakterfordeling

Karakterfordeling og strykprosent må seiast å vere normalt.

Tendensen er elles akkurat som i fjord. Det har vore litt større samling rundt C enn det ei normalfordeling skulle tilseie, og ganske mange (men innanfor) også på B. Relativt få (men innanfor) også på A og D. Lite E og få stryk.

Som nemnt trur eg «dei gode karakterane» kan ha noko samanheng med relativt stort trekk frå eksamen på eksamensdagen. Medan 293 leverte eksamensoppgåvene, var det 39 som trakk seg. Studentane veit kva dei kan og ikkje kan, og tek ikkje bryet med å skrive ei teorioppgåve dersom dei ser at dette vil føre til ein svak karakter. Då tek dei heller eksamen seinare.

h) Studieinformasjon, dokumentasjon og tilgang til relevant litteratur

Informasjonen og litteratur som studentane har behov for finnast i stor grad via Mi side, internett og lovdatasystem. Det har ikkje vore noko spørsmål i år om behov for opptrykking av litteratur.

Faglærers vurdering av rammevilkåra

- Lokaler og undervisningsutstyr
- Andre forhold

Rammevilkåra for undervising er gode.

Datasystemet har fungert bra både ved førelesingar og storgrupper.

Faglærers kommentar til studentevalueringan(e) (referansegruppemøtet)

- Metode – gjennomføring
- Oppsummering av innspill
- Ev. underveistiltak

På referansegruppemøtet gikk vi igjennom strukturen i kurset med arbeidsgrupper, storgrupper, obligatorisk prøve, litteratur og førelesingar. Dette føregikk slik at eg introduserte planen for opplegget og gjennomføring, og studentane kom med tilbakemeldingar på korleis dei meinte det hadde fungert.

Gjennomgåande verka studentane å vere relativt godt nøgde. Dei meinte at både førelesarar og storgruppeleiarar hadde gjort ein god innsats. Den sterkaste kritikken kom frå dei som ikkje var nøgd med tilbakemelding også på obligatorisk prøve, men det var her også fleire som gav uttrykk for å vere godt nøgde. Gjennomgåande verka dei fleste også å vere nøgd med sjølve øvingsoppgåvene på arbeidsgrupper, storgrupper og obligatorisk prøve, men det var også einskilde merknader på noko ein oppfatta som «for lett», «for vanskeleg» eller «for uklart». - Det som var «vanskeleg» for nokon, var gjerne for «lett» for andre. Mange meinte særleg at første arbeidsgruppeoppgåve var vanskeleg og uklar, men innrømma også at dette dels skuldast at det var første oppgåve i kurset, og at det kan vere ein grunn til at det er vanskeleg å forstå korleis ein skal bruke faktum osb.

Eg vil vurdere om det bør gjerast noko med denne oppgåva, men samstundes må ein ha i mente at oppgåva har vore brukt mange år *utan* større innvendingar frå studentar på referansegruppemøtet. Det er også allereie gjort vesentlege forenklingar av både denne og andre oppgåver, og at ein må vere varsam med å gjere oppgåvene «for lette». Det er eit kort kurs, og ein må ganske raskt setje seg inni kva for oppgåver ein kan vente å få på eksamen. Eg ser uansett kvart år på alle oppgåvene, for å gjere forbetringar, jf. pkt. c) over.

Faglærers samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak

Den samla vurdering av kurset, er at framdrifta har gått greitt. Samarbeidet mellom både førelesarar, arbeidsgruppeleiarar og storgruppeleiarar fungerer veldig fint, og dannar ei god plattform både for undervisingssituasjonen og forsking.